



Stiftinga for ei Kritisk og Undersøkjande Presse

# Årsmelding 2010 frå styret

*Til handsaming på SKUP sitt årsmøte 1. april 2011*

## **Visjon og målsetting**

SKUP skal vera sentral i utviklinga av den undersøkande journalistikken og ein synleg aktør i den journalistfaglige debatten i Norge.

Stiftinga sitt arbeid er nedfelt i den årlege handlingsplanen, og skal til ei kvar tid vurderast opp mot stiftinga sin økonomi. Handlingsplanen er eit styringsdokument. Det er årsmøtet som rettleiar styret i kva ein bør prioritere. SKUP heldt fram som stifting, og hovudoppgåva er framleis å arrangere ein årleg journalistfagleg konferanse med fokus på undersøkande, journalistisk metode.

## **SKUP-familien**

Profesjonaliteten, kvaliteten og dei økonomiske rammene kring SKUP har auka betydeleg sidan starten i 1990. Sommaren 2008 vart det difor sett ned eit organisasjonsutval som skulle sjå på organiseringa av stiftinga og kome med framlegg til endringar. Utvalet vart leia av Nils Øy (Norsk Redaktørforening, medlem av SKUP sitt dåverande representantskap). Han hadde med seg Trond Idås (Norsk Journalistlag, medlem av SKUP sin representantskap), Heidi Molstad Andresen (Dagbladet Magasinet, nestleiar i SKUP-styret), Renie Thorleifsson (NRK Brennpunkt, medlem av SKUP sin representantskap) og Lars Nehru Sand (sekretariatsleiar i SKUP).

Utvalet foreslo fleire vedtektsendringar, som vart vedteke av årsmøtet 2009. Styret vart utvida til 15 faste styremedlem (frå 10 styremedlem og 5 fast møtande varamedlem). Det vart innført likestillingsreglar, i tillegg til at årsmøtet vel leiar, nestleiar og økonomiansvarleg separat. Den dåverande representantskapen på inntil 30 medlem vart erstatta av SKUP sitt råd med ni medlem. Kontroll- og valansvaret vart skilt ut i respektive komitear på tre personar. For at endringane skulle vera gyldige etter vedtektene, fatta årsmøtet i 2010 det same vedtaket. Den nye organisasjonsforma trådde med det i kraft etter årsmøtet 2010.

Alle dei styrande organa i SKUP er tufta på friviljug og ubetalt innsats. Dei styrande organa består no av styret, rådet, kontrollkomiteen og valkomiteen.

### **SKUP-styret**

SKUP-styret består av 15 personar. Styret si primære oppgåve er å planlegge, organisere og avvikle SKUP-konferansen, drifte og vere talspersonar for stiftinga. Styret blir valt av årsmøtet.

På årsmøtet i 2010 vart følgjande personar valt inn:

Leiar Heidi Molstad Andresen (Dagbladet), nestleiar Ståle Hansen (ny, NRK), økonomiansvarleg Siri Gedde-Dahl (ny, Aftenposten), styremedlemene Jan Gunnar Furuly (Aftenposten), Gøril Engesvik (Trønder-Avisa), Ina Gundersen (ny, Stavanger Aftenblad), Ingvild Rugland (Bergens Tidende), Bjørn Olav Nordahl (ny, Frilans/Vårt Land), Grete Holstad (Adresseavisen), Jens Christian Nørve (ny, TV 2), Anders Børringbo (NRK), Vilde Heljessen (NRK), Marianne Johansen (VG), Lillian Vambheim (ny, Dagens Næringsliv) og Amund Trellevik (Dagsavisen).

Amund Trellevik søkte permisjon frå 6. januar 2011 og fram til årsmøtet grunna utanlandsopphald. Styret innfridde søknaden på møte 6. januar.

Styret har hatt 14 møte i 2010, inkludert ei helgesamling i Iungsdalen i Ål. Det er like mange møter som i 2009. Tre av møta har vore heildagsmøte. Kveldsmøta har blitt haldne i Dagbladet, heildagsmøta på Vøienvolden Gård og i Skur 28.

Deltakinga på styremøta har stort sett vore god. Gjennomsnittleg oppmøtefrekvens for alle i styret er 74 prosent. Fråfallet skuldast turnusarbeid, familiesituasjon og krevjande arbeidsoppgåver, noko ein må pårekne og vente av eit så stort styre. Det er likevel viktig at valkomiteen førebur alle nye styremedlem og arbeidsgjevarane deira på kor omfattande styrearbeidet i realiteten er. For å kompensere for møtefråfall, er ein ekstra avhengig av stor arbeidsinnsats mellom kvart møte. Dette gjeldt generelt heile styret. Styremøta vert nytta til formaliasaker, idedroding og planlegging, medan alt det praktiske arbeidet blir gjort av kvart einskild styremedlem mellom møta.

Dei siste åra er talet på styremøte redusert. I 2010-2011 har styret hatt tre heildagsmøte, i tillegg til arbeidshelga. Handsaming av formaliasaker tek mykje av styret si tid på kveldsmøta. Det gjev mindre rom for diskusjonar kring programinnhald og konferanseplanlegging, som er den delen av styrearbeidet dei fleste representantane set høgast. Ved å gjere om eit av dei planlagde kveldsmøta til heildagsmøte, fekk styret meir rom til planlegging av sjølve konferansen. Det kan bli aktuelt å innføre ytterlegare eit heildagsmøte.

Styret har fire medlem som har utstrekt reiseverksemd knytt til si deltaking i styret: Gøril Engesvik og Grete Holstad frå Trøndelag, Ingvild Rugland frå Bergen og Ina Gundersen frå Stavanger. SKUP skuldar Trønder-Avisa, Adressa, Bergens Tidende og Stavanger Aftenblad ein stor takk for at dei dekker reiseutgifter og gjev permisjonar til deltaking på styremøta. Ein svært stor takk går også til Dagbladet, som har synt forståing for Heidi Molstad Andresen sitt tidkrevjande leiarverv, og til Aftenposten, for Jan Gunnar Furuly sitt bidrag til stiftinga. SKUP er heilt avhengig velvilja frå arbeidsgjevarane.

### **SKUP sitt råd**

Rådet skal, på styret sitt initiativ, vera eit rådgevande organ for styret. Rådet er SKUP sine ambassadørar og skal arbeide til beste for SKUP. Rådet hadde sitt konstituerande møte i juni. Dei har ikkje hatt eigne møte etter dette.

Årsmøtet 2010 valte desse til SKUP sitt råd:

Leiar Astrid Aure (KK), Une Bratberg (Vårt Land), Grethe Gynnild-Johnsen (NRK), Anne Hafstad (Aftenposten), Håkon Haugsbø (NRK), Trond Idås (NJ), Arne Jensen (NR), Frode Rekve (IJ), Harald Stanghelle (Aftenposten)

Anne Hafstad gjekk over i ny stilling i Helsedirektoratet i april 2010 og trakk seg samstundes frå rådet. Dei gjeldande statuttane har ikkje opna for suppleringsval.

Rådet har vore invitert til to styremøte og juleavslutning. Med tanke på at rådet berre har talt åtte personar dette året, har frammøtet vore ein del mindre enn styret kunne ønske seg. Me er likevel glade for engasjementet som vart vist då styret ved to ulike høve bad om prinsipielle råd i høve til honorering, handtering av spørsmål om tilbaketrekking av prisar og diplom, og redigering av publiserte metoderapportar.

### **Kontrollkomiteen**

Årsmøtet valte desse til kontrollutvalet:

Kjetil Stormark, Dalane Tidene (leiar)

Tuva Raanes Bogsnes, TV 2

Trond Sundnes, Dagens Næringsliv

Kontrollkomiteen har diverre ikkje rutinemessig fått fortløpande tilsendt alle dokument som har vore handsama av styret, referat frå styremøte eller rekneskapsrapportar, slik som vedtektene krev. Dette beklagar styret. Komiteen sjølv etterlyste fyrst desse dokumenta 6. januar 2011. Dei fekk då samelege referat og styresaker handsama fram til dette tidspunktet, og ein førebels

rekneskapsrapport. Styret og kontrollkomiteen er samde om å jobbe for å betre samarbeidsrutinane for komande periode.

### **Valkomiteen**

Valkomiteen har til oppgåve å rekruttere nye styremedlem og å informere desse og arbeidsgjevarane deira kva vervet inneber av tid og pengar. Årsmøtet 2010 valte Renie K. Thorleifsson, Kåre M. Hansen og André Verløy til valkomité. Dei har gjort ein framifrå jobb med å få på plass nye styremedlem for det komande SKUP-året.

### **SKUP- juryen**

SKUP-juryen har til oppgåve å bedømme dei innmeldte kandidatane til SKUP-prisen, og vert utpeikt av styret. Juryen blir utpeikt av styret.

SKUP-juryen 2010 har bestått av leiar Thor Woje (Romerikes Blad), Kari Aarstad Aase (VG) Svein Brurås (Høgskulen i Volda), Ingvild Jensen (TV 2), Egil Sundvor (NRK), Line Noer Borrevik (Stavanger Aftenblad) og Anne Hovden (Bergens Tidende).

Styret er svært takksame for det omfattande og tidkrevjande arbeid juryen har lagt ned i vurderinga av dei 50 prosjekta som vart meldt på kampen om SKUP-prisen i 2010.

### **Sekretariatet**

Jens Egil Heftøy har vore tilsett som sekretariatsleiar i full stilling sidan august 2009. 2010 var såleis det fyrste driftsåret med heiltidsstilling. Ei eventuell vidareføring av stillinga blir handsama av 2011-årsmøtet.

SKUP-sekretariatet ved Jens Egil Heftøy har fylt svært viktige oppgåver med å førebu sakspapir til styremøte, oppsummere, drive saksutgreiing, koordinere styret sitt arbeid, føre rekneskap og ha dag-til-dag-kontroll med økonomien i året som har gått. Å avlaste det friviljuge styret med mykje av det administrative arbeidet er heilt naudsynt ettersom både dei kvalitetsmessige krava til konferansen og omfanget av den har auka.

SKUP leiger kontor til sekretariatsleiar hjå Norsk Journalistlag. Sekretariatet si viktigaste oppgåve er å førebu sakspapir til styremøte, oppsummere, drive saksutgreiing, koordinere styret sitt arbeid, føre rekneskap og ha dag-til-dag-kontroll med økonomien.

Det er styret ved styreleiar som er sekretariatsleiarens arbeidsgjevar. Med utvidinga av stillinga har også SKUP sitt arbeidsgjevaransvar auka. Styreleiar og sekretariatsleiar har hatt vekentlege arbeidsmøte, og telefon og – epostkontakt

stort sett dagleg. Det er innført gjennomgang av arbeidslister kvar fjortande dag, og gjennomført ei medarbeidersamtale.

Heiltidsstillinga har ført til ei større auke i stiftinga sine utgifter. Den avlastar samstundes styret for mange administrative oppgåver. Frå nyttår 2010 har sekretariatet også overteke rekneskapsføringa for stiftinga, som før var sett ut til byrå. Det gjer at stiftinga i dag har ein mykje betre kontroll med økonomien.

Styret bad årsmøtet om å få auka stillinga i sekretariatet frå 60 til 100 prosent i 2009. Ein argumenterte då med at ein tilsett i heil stilling kunne utføre fleire tenester ein tidlegare hadde kjøpt eksternt, slik som sekretariat-og bookingtenester frå IJ og rekneskapsføring frå byrå. Summen av innsparinga vart estimert til kr. 182.000 kroner, noko som var 72.000 kroner meir enn dei 258.000 ein anslo den reelle utgiftsauken for stillinga til å bli (frå kr 311.219 i 60 prosent til estimert 569.543 i 100 prosent).

I praksis har ikkje innsparingspotensialet vore så stort. Styret kjøper framleis sekretariats - og bookingtenester frå IJ, men sekretariatsleiar har overteke rekneskapsføringa som gjev ei innsparing på kroner 88 522. I tillegg kjem utgifter på kr 40 000 for leige av kontorlokale hjå NJ, som ein ikkje tok høgde for i 2009. Med kr 539.591 i personalkostnader i 2010, er samla utgifter til sekretariatet kr 593.000. Med innsparinga på kr. 88 522, er den reelle utgiftsauken til heiltidsstillinga på kroner 190.259.

Styret har foreslått at ein hentar inn att ein vesentleg del av dette gjennom auka kommersielt sal, noko som fyrst og fremst vil bli sekretariatsleiar si oppgåve. Styret varsla også ei auke i deltakaravgifta for å dekke meirkostnadene. Denne auka er innført i 2011.

Styret har per i dag ikkje oversikt over korleis timetalet i heiltidsstillinga fordeler seg. Dersom årsmøtet går inn for å vidareføre stillinga som eit to års åremål slik som styret ynskjer, vil sekretariatsleiar føre timelister frå etter konferanseslutt 2011, både for å sjå kva det reelle timetalet er, korleis det fordeler seg gjennom året og kor mykje av arbeidstida som fordeler seg på rekneskap kontra møteførebuing, koordinering osv.

Ein vil også syte for å få på plass enno betre rutinar for å ivareta det formelle arbeidsgjevaransvaret.

Styret har forøvreg vedteke å endre stillingstittelen frå dagleg leiar til sekretariatsleiar, for å unngå forveksling med styreleiar.

**SKUP 2010**

Stiftinga feira 20 år i 2010. Det vart markert med ein storstilt jubileumskonferanse, utdeling av 20-års SKUP og utgjeving av SKUPs jubileumstidsskrift.

### **Jubileumskonferansen 2010**

560 personar deltok på konferansen i 2010. Det er på nivå med 2009, men færre enn i toppåret 2007, då det var 654 deltakarar.

Talet på deltakarar rommar både førelesarar som kjem og dreg att same dag og dei som deltek heile konferansehelga. Det skil heller ikkje mellom deltakarar med heilpensjon eller dei med dagpakker. For å betre kunne måle det faktiske deltakartalet, vil styret frå 2011 operere med statistikk som skil mellom førelesarar og betalande gjester, og kor mange norske kontra utanlandske førelesarar som vitja konferansen. Dette er spesielt viktig med tanke på at det er stiftinga som dekker kostnadene til dei utanlandske førelesarane.

I tillegg til deltakarinteressa, er det fyrst og fremst romkapasiteten og kapasiteten under gallamiddagen som styrer deltakartalet. I 2011 såg ein seg nøydd til å sette stopp for den elektroniske påmeldinga ved 593 påmeldte, og operere med venteliste etter dette. Det er med andre ord vanskeleg å operere med såkalla rekordtal i påmeldingssamanheng, ettersom SKUP ved fleire høve set taket på deltakarar sjølv.

Jubileumskonferansen 2010 baud på over 60 ulike seminar. Hovudspora i 2010 var «Det nye Norge», «Kildearbeid», «Mediekrisen», «Storytelling» «Krig og konflikt» og «Åpenhet». Konferansen heldt også fram med «Kunnskapsløftet», eit spor som tek mål av seg å gje ei rask teoretisk innføring i relevante tema. I 2010 var dette Norsk, Asylinstituttet, Etikk, Nordområdene, Økonomi, Juss, Klima og Islam. Meir enn halvparten av konferansedeltakarane deltok på minst eitt kunnskapsløft.

Suksessen med «Late Night Show» vart vidareført med Anne Lindmo som programleiar. Av gjestene var Arfan Bhatti, Harald Eia og Jørgen Lorentzen. Førstnemnte si deltaking kravde spesielt god planlegging og ekstra sikkerheitstiltak, og utløyste også debatt i spaltene i etterkant.

SKUP vidareførte også i 2010 det gode samarbeidet med tekniskar Alexander Ziegler og staben hans, og konferansen vart avvikla med høg teknisk kvalitet. SKUP vil rette ein særskild takk til Cecilie Rego og Frode Søreide frå NRK for den viktige regihjelpa dei bidreg med i samband med kveldsprogramma.

Leiar Håkon Haugsbø var fyritalsmann under prismiddagen, medan Markus Gaupås Johansen og Sturle Pedersen frå satiregruppa 5080.no var hyra inn for å

leie underhaldninga. I tillegg til SKUP-prisen, vart også IR-prisen og tjuetårets SKUP delt ut. Det vart også halde fleire taler til 20-års jubilaranten, noko som gjorde at programmet var ein del lengre enn elles. Etter middagen spelte Skedsmo Storband ved Cathrine Aspaas til dans i Oseberg. Grunna mange innslag, tok middagen meir tid enn vanleg, og somme har i ettertid kommentert at kvelden i Oseberg vart i lengste laget.

Responser i Questback-undersøkinga syner at deltakarane gjennomgåande er godt nøgde med konferansen 2010. Talet på dei som gav konferansen toppscore var imidlertid ein del lågare enn i 2009. 16 prosent gav konferansen beste score (23,6 prosent i 2009). 67 prosent gav tilbakemeldingar i øvste sjikt (84 i 2009) Nedgangen kan ha bakgrunn i at spørsmålsstillinga i Questbacken vart endra i høve til 2009. Talet på respondentar var også høgare enn i 2009. 92,7 prosent gav konferansen karakteren «bra», «meget bra» eller «svært bra».

### **SKUP-prisen**

SKUP-prisen 2010 gjekk til Trond Sundnes og Gøran Skaalmo frå Dagens Næringslivs for saka "Under radaren". Sundnes og Skaalmo avslørte at luftfartsstyresmaktene sine nye sikkerheitspåbod påførte kraftselskapa store utgifter, sjølv om sikkerheitsvinsten var svært liten. Selskapet som fekk monopol på leveringa av utstyr hadde nytta ei skitpakke for å fjerne konkurrentane. Vinnarane dokumenterer også korleis det er mogeleg å misbruke offentlege støtteordningar, korleis løyvingar blir handtert utan at nokon har ei samla oversikt og at to private aksjonærar sikra seg store utbytte, alt av di offentlege pengebingar er mørklagt for innsyn gjennom måten etatar tolkar offentlegheitsreglane.

### **SKUP-diplom**

Diploma i 2010 gjekk til «Ingens barn» av Astri Thunvold (NRK Brennpunkt), «Faktasjekk.no» av Helge O. Svela og Christian Lura (Bergens Tidende), «Kongofangenes hemmelige sikkerhetsselskap» av Nilas Johnsen, Kim Riseth og Morten Hopperstad (VG) og «Pastorens hemmelighet» av Cathrine Fossum (TV2).

### **Tidenes SKUP**

Ein jury bestående av Arne Jensen, Sven Egil Omdahl, Trine Østlyngen, Synnøve Fosse og Arild Aspøy hadde på oppdrag frå SKUP gått gjennom alle SKUP-vinnarane gjennom tidene og kåra det såkalla 20-årsskuppet, den beste Skup-avsløringa gjennom tjuet år.

Prisen gjekk til Aftenposten ved Siri Gedde-Dahl, Anne Hafstad og Alf Endre Magnussen for "Vannverksskandalen på Romerrike" frå 2005.

### **IR-prisen**

Harald Eraker og Inger Sunde (NRK) fekk Internasjonal Reporters utanrikspris for "Connecting People".

I tillegg vart Teresa Grøtan (Dagbladet Magasinet) heidra for reportasjen "Gjelda etter Yunus". Kaare M. Bilden (Ny Tid) fekk også heiderleg omtale for saka "M-pesa: Innovative Afrika".

Juryen bestod av NRK-journalist Bjørn Hansen, forskar, journalist og forfattar Elisabeth Eide, Aftenposten-kommentator Per Kristian Haugen og høgskulelektor Nazneen Khan-Østrem.

### **Tidsskrift**

I samband med jubileet i 2010 gav stiftinga ut eit 120 siders jubileumstidsskrift som vart delt ut under konferansen, og seinare distribuert til alle NJs og NRs medlemmer. Tidsskriftet bestod av ei rekke fagartiklar og illustrasjonar ført i pennen av nokre av dei fremste fagkapasitetane i landet. Dåverande nestleiar Heidi Molstad Andresen var redaktør for utgjevinga, som vart fullfinansiert av Pressens Faglitterære Fond.

### **«Siste SKUP»**

Konferanseavisa «Siste SKUP» har blitt ein viktig del av SKUP-konferansen. I høve jubileet i 2010 vart det laga eit magasin på 48 sider. Amund Trellevik var ansvarleg redaktør for avisa, saman med eit lag av journaliststudentar frå Høgskolen i Oslo og Høgskulen i Volda. Mari Torsdotter Hauge og Ingrid Hvidsten leia redaksjonen i det daglege arbeidet. Redaksjonen hadde også ansvar for drift av nettsidene under konferansen.

I forkant av jubileumskonferansen sette styret i gang ein intern dugnad for å auke annonseinntektene i konferanseavisa. Jan Gunnar Furuly og Amund Trellevik leia arbeidet. Samla vart det selt annonser og stands for 186.000 kroner i 2010. Dette er dei høgaste kommersielle inntektene styret nokon gong har hatt. Jubileumskonferansen var eit særskilt høve, og ambisjonane for inneverande år er naturleg nok lågare, men også i 2011 blir det selt fleire annonser enn før.

### **SKUP og IJ sin graveskule**

Graveskulen i 2010 vart som før arrangert i samarbeid med IJ.

Fagmedarbeidarane André Verløy og Ståle Kofoed sto for både gjennomføring og drift.

Skulen hadde 29 deltakarar. Dette er ti færre enn i 2009. Noko av forklaringa kan vera at dei store redaksjonane alt har hatt sine medarbeidare på skulen, og at ein no i større grad ser einskildpåmeldingar. SKUP og IJ vil difor evaluere kurstilboda. Trass i færre deltakarar er likevel tilbakemeldingane fortsatt svært gode. Graveskulen følgte samme mal som tidlegare, med kurs i excel, digital sporhund, postjournalsøk og sosiale medier.



## **SKUP sin arbeidsleiarskule**

Arbeidsleiarskulen vart halden fredag før konferansen. Kjetil Stormark frå Dalane Tidene og Frode Rekve fra IJ hadde ansvaret for gjennomføringa. Skulen hadde 13 deltakarar.

## **Tore Sandbergs gravestipend**

SKUP-styret tok i 2007 initiativet til opprettinga av eit stipend for undersøkende journalistikk i Tore Sandberg sitt namn. Stipendet på 100.000 kroner har sidan dette vore finansiert av mediekonserna A-Pressen, Edda Media, Media Norge, NRK, TV 2 og Schibsted.

Juryen i 2010 besto av Tore Sandberg, Guri Hjeltnes frå BI, Line Noer Borrevik frå representantskapen og leiar Håkon Haugsbø frå styret.

Det kom inn to søknader til Sandbergstipendet i 2010. Dåverande sjefredaktør Kjetil Stormark og Dalane Tidene fekk stipendet under SKUP-gallaen laurdag kveld. Kort tid etter konferansen sa Stormark opp stillinga si i Dalane Tidene. Den nye leiinga i avisa sa frå seg stipendet, av di dei ikkje hadde kapasitet til å gjennomføre det planlagde prosjektet. Stormark søkte styret om å overføre stipendet til sin nye arbeidsgjevar, Varden. Styret handsama søknaden saman med juryen, og kom til at dei ikkje kunne innfri søknaden ettersom føresetnadene for tildelinga var endra. I praksis vart det difor ikkje delt ut stipend i 2010. Styret har etter dette jobba med å slå saman Tore Sandbergstipendet og det nyoppretta SKUPs Graveteam.

## **SKUP sitt graveteam**

Vart innstifta i samband med 20-årsjubileet. Konseptet er at ein utvalt redaksjon, etter søknad, fær bistand frå eit skreddarsydd graveteam på inntil tre personar. Teamet si oppgåve er å coache redaksjonen gjennom eit konkret graveprosjekt.

Det kom inn ni søknadar, og Avisa Nordland vart valt ut av eit internt utval i styret. Graveteamet, beståande av Jens M. Johansson, Bjørn Olav Jahr og André Verløy bisto redaksjonen i til saman 15 arbeidsdagar, både ved besøk i Bodø og hjelp over telefon og epost.

Resultatet vart ein omfattande reportasjeserie om pasienttransporten i Salten. Saka vart publisert under SKUP-konferansen, og Avisa Nordland sytte for å få avisa levert til Tønsberg.

SKUP fekk 20.000 kroner i støtte frå MBL, LLA og IJ, medan dei reelle utgiftene til teamet var på kr. 49.524. SKUP dekkja med det 29.524 kroner med egne midlar.

Etter tre år med Tore Sandbergstipendet har interessa vist seg så låg at det ikkje har vore formålstenleg å halde fram på same vis. Styret opplevde samstundes ei stor interesse for graveteamet. Ståle Hansen og Jan Gunnar Furuly frå styret og

Jens Egil Heftøy frå sekretariatet møtte difor Tore Sandberg for å diskutere moglegeheiten for ei samanslåing av dei to prosjekta. Sandberg var svært positiv til dette, og i oktober 2010 vedtok styret å slå ordningane saman til SKUP og Tore Sandbergs Graveteam.

Det kom inn 13 sterke søknadar om bistand frå graveteamet. Styret sette ned ein intern jury til å vurdere søknadane, etter at sekretariateiar hadde vurdert eventuell habilitetsproblematikk. Juryen fekk ikkje sjå søkjarlista før dette. Juryen har bestått av Ståle Hansen, Jens Christian Nørve, André Verløy, Gøril Engesvik og Grete Holstad. Juryen valte å gje bistand til Østlands-Posten, som søkte om hjelp til å kartleggje og granske politiske avgjersleprosessar i kommunen.

Totalbudsjettet for 2011 er 120.000 kroner. Teamet er finansiert av Fagpressen, Schibsted, Edda Media, A-Pressen og Media Norge.

Også i år har André Verløy, Jens M. Johansen og Bjørn Olav Jahr utgjort graveteamet. SKUP vil rette ein stor takk til Institutt for Journalistikk og Gyldendal Forlag for å frigje arbeidskapasitet for Verløy og Jahr.

Prosjektet vart innleia med to møter der avisleiinga, graveteamet og SKUP-leiinga var til stades. Sjølve arbeidet starta med eit fellesseminar i Østlands-Posten 27. januar, der Tore Sandberg innleia med et føredrag for redaksjonen. Arbeidet med prosjektet er venta slutført før SKUP-konferansen 2011.

## **Media, marknadsføring og samarbeid**

### **Media**

SKUP si deltaking i mediene starta med etterdønningane etter Bhattis besøk på konferansen i 2010, og heldt fram med rammevilkåra for den undersøkende journalistikken, Wikileaks og SKUP sitt eige arbeid.

Styreleiar Heidi Molstad Andresen har mellom anna delteke i følgjande intervju og debattar i 2010: «Et av de kuleste vervene i bransjen», Journalisten 26/3-2010, «Muslimer krevde alkonekt blant journalister », VG 21/4-2010, « NRK og Skup lyver om alkoholforbud », TV2 22/4-2010, «Bhattis besøk », Journalisten 14/5-2010, «Truslene trigger oss», Journalisten 30/7-2010. «Kan kvalitetsjournalistikken opprettholdes i nedgangstide», NRK Dagsnytt 18 25/8-2010. «Har forlagene overtatt gravejournalistikken?», NRK Kulturnytt 21/9-2010, «Rot om røtter», Journalisten 22/9-2010, «Mediene graver fortsatt», Klassekampen 23/9-2010. «Kunne Treholt-avsløringene skjedd i en avis?», NRK Dagsnytt 18 24/9-2010. «Slår sammen gravehjelp», Journalisten 4/11-2010 og «Flere søker gravehjelp», Journalisten 13. desember 2010.

Styremedlem Jan Gunnar Furuly har også fleire gonger kommentert Wikileaks og interessa rundt grunnleggjaren Julian Assange: «Agenter kan ha skygget journalist til Norge», ABC Nyheter 26/4-2010. «Wikileaks», NRK Kurer 9/4-2010. «Hvem er Wikileaks», NRK Ukeslutt 4/12-2010. Furuly deltok også i en debatt i Studentersamfunnet i Bergen. Det har også sekretariatsleiar Jens Egil Heftøy: «Wikileaks er avhengige av mediene», NRK Nyheter 29/7-2010. «Wikileaks vil bestå», TV 2 7/12-2010.

### **Marknadsføring**

Konferansen vart annonsert i Journalisten, på skup.no, Facebook, Twitter og gjennom Normedia-lista. Me har også for fyrste gong annonsert etter Siste SKUP-medlemmer i Journalisten. SKUP og Tore Sandbergs Graveteam er også annonsert i fagbladet.

Styret og sekretariatsleiar har vidareutvikla nettstaden [www.skup.no](http://www.skup.no) gjennom perioda. Sekretariatsleiar har som oppgåve å halde nettstaden oppdatert. I 2009 vart det oppretta egne tilhengarsider på Facebook og konto på Twitter. Dette vert brukt aktivt av styreleiar og sekretariatsleiar for å marknadsføre SKUP og konferansen. Besøkstala syner tydeleg at aktiv bruk av sosiale media har auka trafikken på [skup.no](http://skup.no)

### **T-skjortesaal**

I høve konferansen 2010 vart det også designa ei ny T-skjorte, både for å marknadsføre SKUP og for å auke inntektene. Arne Nøst, som illustrerte omslaget til tidsskriftet, gav grønt lys til å nytte den same illustrasjonen på skjortene. Det er no selt 110 av 300 innkjøpte skjorter.

T-skjorta vil også bli nytta som gåver til førelesarar under konferansen 2011. Dette er ei rimelegare gåve enn den tradisjonelle vinflaska, og samstundes god marknadsføring av SKUP.

Som kuriosa kan nemnast at fjorårets mest kjente foredragshaldar, Julian Assange, bar t-skjorta under eit intervju med The Guardian i samband med publiseringa av «The Afghanistan War Diary». Dette førte til stor interesse for t-skjorta frå utlandet. I skrivande stund er det sendt skjorter til mellom anna England, USA, Tyskland, Sveits og Spania.

### **Fagpressa**

Sekretariatsleiar Jens Egil Heftøy og styreleiar Heidi Molstad Andresen initierte i august eit møte med Fagpressen med mål om å auke fagpressa si deltaking på SKUP-konferansen. Heftøy deltok seinare på eit frukostmøte i regi av Fagpressen. Juryleiar Thor Woje deltok også opp på eit frukostmøte same stad, for å fortelje om skiving av metoderapportar.

### **EPJ**

Nestleiar Ståle Hansen har delteke i møter med presseorganisasjonane og FAD i samband med bevaring av Elektronisk Postjournal.

### **Arbeidsgrupper**

Styret har sett ned fleire arbeidsgrupper i år, for å drøfte medtoderapportreglar, klager på prisar og diplom og sjølv prisutdelingsseremonien. Gruppene har knytt seg opp mot relevante aktørar som NP, Rådet, NJ og regikompetanse i NRK. Dette arbeidet vert avslutta i 2011 og gjort greie for på årsmøtet 2012.

### **Regionale konferansar**

SKUP-styret har vore representert på Hellkonferansen og Hauststormen. Sekretariatsleiar deltok i november på eit samordningsmøte mellom dei regionale konferansane, Nordiske Mediedager og SKUP. Møtet vart arrangert i regi av Norsk Journalistlag.

### **Internasjonale møte**

Styremedlem Gøril Engesvik og styreleiar Heidi Molstad Andresen deltok på det nordiske nettverksmøtet i Helsinki i mai på SKUP si rekning. Det er SKUP som er vertskap for møtet i 2011. Etersom møta er tid- og kostnadskevande, tok styreleiar i SKUP initiativet til å slå desse møta saman med dei respektive land sine konferansar/seminar. Nordisk nettverksmøte 2011 vil difor bli avvikla under SKUP-konferansen 2011. Det nordiske sporet på konferansen 2011 er også eit resultat av det nordiske nettverkssamarbeidet.

I Helsinki vart det også vedteke at dei nordiske organisasjonane skulle bidra økonomisk til å opprette ein graveorganisasjon på Island. SKUP-styret løyvde 5.000 kroner til dette i juni. I ettertid har etableringa av den islandske organisasjonen av ulike grunnar vorte forseinka, men SKUP heldt kontakten og følgjer opp. Islendingane har bestemt å følgje SKUP sin stiftingsmodell, og styreleiar har gjeve råd og hatt kontakt under vegs.

Styremedlem Jan Gunnar Furuly deltok på IRE-konferansen 2010 i Las Vegas. Deltakinga vart fullfinansiert av STUP-midlar.

Styremedlem Jan Gunnar Furuly og styreleiar Heidi Molstad Andresen deltok og på GIJC-konferansen i Genève i april på SKUP si rekning.

Heidi Molstad Andresen har vore styremedlem i det europeiske gravenettverket The European Fund for Investigative Journalism (EFIJ) frå 2008 til 2010, men har no trekt seg etter å ha blitt styreleiar. Styremedlem Jan Gunnar Furuly er no beden om å overta plassen hennar. EFIJ lyser ut stipend som skal stimulere til gravearbeid på tvers av grensene.

## Økonomi

SKUP hadde eit underskot på 420.500 kroner i 2009. Dette skuldast lågare deltakartal enn venta på konferansen i 2009, samt auka kostnader til drift og føredragshaldarar. Styret gløymte i tillegg å søkje om arrangementsstøtte frå Fritt Ord før fristen gjekk ut i 2009. Dette vart retta opp året etter, då me fekk dubla tilskotet frå Fritt Ord.

Situasjonen var betydeleg betre for 2010. Trass i auka aktivitet og jubileumskonferanse, har stiftinga halde seg godt innanfor budsjettet som vart lagt fram for årsmøtet. Stiftinga gjekk i perioden 1. januar til 31. desember 2010 med eit overskot på 55.192 kroner. Både inntekter og utgifter auka i 2010. Den største enkeltposten var utgjevninga av SKUPs Jubileumstidsskrift, som vart fullfinansiert av Pressens Faglitterære Fond.

Til SKUP og Tore Sandbergs Graveteam fær SKUP støtte frå NRK, TV 2, Schibsted, Institutt for Journalistikk, Media Norge, Fagpressen, MBL, Edda Media, A-pressen og Landslaget for Lokalaviser.

Ved inngangen til 2011 var eigenkapitalen på 812.392 kroner, mot 757.196 ved siste årsskifte. Med dagens eigenkapital er SKUP rusta for å gjennomføre minst ein konferanse med lågt deltakartal. Det meiner styret er tilfredsstillande.

Dei totale inntektene i 2010 var 1.980.855, medan utgiftene var 1.936.295. Størstedelen av kostnadane er knytt til gjennomføring av konferansen og drift og lønn til sekretariatsleiar.

SKUP hadde i 2010 539.591 kroner i løns- og personalkostnader, mot 472.574 i 2009. Dagleg leiar har ei årsløn på 435.000 kroner. I tillegg kjem pensjonssparing på 18196 kroner og dekking av elektronisk kommunikasjon på 14.000 kroner.

Deltakaravgifta i 2010 var sett til 2.400 kroner. I forkant av årets konferanse har styret vedteke å auke avgifta med ytterlegare 100 kroner, til 2.500. Auka er gjort for å møte dei auka utgiftene. Styret meiner auka kan forsvarast ettersom avtala med hotellet sikrar deltakrane mot auke i hotellprisen. Prisen for overnatting i dobbeltrom er forhandla ned med 400 kroner i høve til i 2010.

Sekretariatsleiar og styreleiar har no ein langt strengare kontroll med utgifter og inntekter. Det blir stadig jobba med å auke stiftinga sine frie inntekter utan å auke deltakaravgifta, ikkje minst i høve til annonse - og reklamesal i samband med konferansen. Det er også jobba målretta for å auke sponsorinntektene i samband med det nordiske sporet i 2011, der stiftinga mellom anna har fått

støtte frå Nordisk Journalistsenter i Århus.

SKUP sine viktigaste økonomiske bidragsytarar er Norsk Journalistlag, Norsk Redaktørforening og Stiftelsen Fritt Ord. Utan den mangeårige støtta frå desse ville konferansen vore umogeleg å gjennomføre.

SKUP er også heilt avhengig av det store engasjementet og dugnadsarbeidet knytt til SKUP. Det er avgjerande at redaksjonane også i framtida sender sine medarbeidarar til konferansen, og at styremedlemer fær rom til å jobbe for konferansen. Auka driftsutgifter utan tilsvarande auke i inntekter vil over tid svekke SKUP sin økonomi.

Rekneskapen blir lagt fram under føresetnad av vidare drift av stiftinga.

«Stiftinga sitt føremål er å inspirere til undersøkjande journalistikk. I følgje SKUP sine vedtekter skal dette gjerast ved å:

- *Sørge for at det minst en gang i året holdes et landsomfattende seminar om undersøkjende journalistikk*
- *Bidra til at det beste undersøkjende journalist-prosjektet hvert år blir premiært*
- *Fremme samarbeid mellom journalister i Norge og internasjonal».*

Oslo, 15. februar 2011

Styret i Stiftelsen for en Kritisk og Undersøkende Presse (SKUP)

---

Heidi Molstad Andresen  
(Styreleiar)

---

Ståle Hansen  
(Nestleiar)

---

Jan Gunnar Furuly  
(Styremedlem)

---

Ingvild Rugland  
(Styremedlem)

---

Gøril Engesvik  
(Styremedlem)

---

Bjørn Olav Nordahl  
(Styremedlem)

---

Ina Gundersen  
(Styremedlem)

---

Siri Gedde-Dahl  
(Styremedlem)

---

Jens Christian Nørve  
(Styremedlem)

---

Grete Holstad  
(Styremedlem)

---

Anders Børringbo  
(Styremedlem)

---

Vilde Helljesen  
(Styremedlem)

---

Marianne Johansen  
(Styremedlem)

---

Lillian Vambheim  
(Styremedlem)

---

Amund Trellevik  
(Styremedlem)